Sivilingeniør Bjarte Fyllingen AS
Spelhaugen 8
5147 FYLLINGSDALEN

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Ingrid Bjørge Pedersen | 29.08.2018 |
| Vår: 18/2525 - 18/26358 | Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no | |

# Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 209/35 Høyland

| | | |
|---|---|---|
| Tiltak: | Møterom | |
| Byggjestad: | Gbnr: 209/35 | Høylandsvegen 333 |
| Tiltakshavar: | Vestnorsk Brunnboring AS | |
| Ansvarleg søkjar: | Sivilingeniør Bjarte Fyllingen AS | |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.08.2018.

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tomta ligg innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er sett av til næringsformål. Det er for desse områda krav til utarbeiding av reguleringsplan jf. Føresegn 1.1 i kommuneplanen sin arealdel. Søknaden må difor supplerast med søknad om dispensasjon i frå dette kravet.
2. Det må søkjast til arbeidstilsynet om samtykke etter arbeidsmiljølova. Link til søknadskjema: https://dibk.no/globalassets/blanketter_utfyllbare/alle-blanketter/5177-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke.pdf
3. Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med reglane sett i plan- og bygningslova § 21-3. Det er i denne saka tilstrekkeleg å varsle eigar av gbnr 209/19. Vi gjer her også merksam på at søknad om dispensasjon skal nabovarslast.
4. I vår kartbase vil omsøkte tiltak ligge under eller i nærleiken av høgspentleidning. Det er vår anbefaling at De tar kontakt med BKK for å sikra at tiltaket ikkje er til hinder for vedlikehald eller drift av høgspentleidninga.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **26.09.18**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forhalda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Ingrid Bjørge Pedersen<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sivilingeniør Bjarte Fyllingen AS | Spelhaugen 8 | 5147 | FYLLINGSDALEN |
| Vestnorsk Brunnboring AS | Høylandsvegen 333 | 5913 | EIKANGERVÅG |